

Kommunal- og distriktsdepartementet
Nærings- og fiskeridepartementet

Knarvik, 24. mai 2023

Arealplanlegging i sjø og behov for endring i plan- og bygningslova

Åtte kommunar (Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Vaksdal) i Region Nordhordland heldt no på med ein felles interkommunal plan for sjøareal. Planen er no ute på 2. gongs høyring.

Arbeidet med å laga ein felles arealplan for sjø vart starta fordi ein såg behovet for å sjå større areal i samanheng og at kommunegrensene ikkje var naturlege skilje. Sjøarealet som det lagast plan for, inneheld det meste av ulike typar problemstillingar og naturområde:

- Arealet strekk seg frå det opne havet til tronge fjordar med tersklar
- Arealet er eit av dei mest trafikkerte sjøområda i landet og har flest anløp av fartøy til hamn (Kystverket)
- Akvakultur har vore i dette området i meir enn 50 år
- Det er eit aktiv fiske i området
- Det er mange interesser knytt til fritid

Det betyr at dei fleste problemstillingar som er relevante ved planlegging i sjø har blitt omtalt i dette planarbeidet.

Akvakultur er ei viktig næring for regionen og Vestland fylke og det var i dette området at næringa i si tid vart starta opp. Havforskningsinstituttet sin risikorapport viser at næringa i området har problem med:

- Dødelegheit på villaks som følgje av lakselus + negativ effekt for sjøaure
- Rømt oppdrettslaks
- Utslepp av kopar
- Høg dødelegheit for oppdrettslaks

Desse problema vil ikkje bli løyst åleine i ein arealplan. Det er difor satt i gong eit utviklingsarbeid saman med Havforskningsinstituttet (HI), Veterinærinstituttet og Universitetet i Stavanger for så sjå på korleis dette kan løysast. Noko av svaret vil sannsynlegvis vera rett drift og rett teknologisk løysing på dei enkelte lokalitetane. For å få til det må det vera ein god samordning innafor området.

Arbeidet med arealplan vert gjennomført med heimel i Plan og bygningslova (PBL) som er ei samordningslov og som krev at alle forslag til arealendringar skal vurderast i ein heilskapleg vurdering. Dersom det skal setjast av nytt eller utvida areal til akvakultur, så skal det vurderast for den konkrete lokaliteten, men også for den totale belastninga i fjordområdet. Den belastninga vert vurdert ut i frå bruk av tradisjonell open merdteknologi. Etter kvart vil det utviklast lukka teknologi som vil kunne:

- Hindra spreiging av lakselus
- Oppsamling av organisk materiale – rester av for, og avføring frå oppdrett
- Redusera problemet monaleg med koppar

Det betyr at val teknologisk løysing har noko å seia for kva den totale belastninga vert. Statsforvaltaren i Vestland skriv følgjande i sin tilbakemelding til første gongs høyring;

«Den interkommunale planen skal vurdere om dei områda som vert opna for akvakultur er eigna for dette. Om eit område er eigna eller ikkje vil også vere avhengig av kva tekniske løysingar som vert valde, krav om det vil bli stilt ved handsaming etter akvakulturlova.»

Regionrådet Nordhordland meiner at PBL må gje heimel for å setja funksjonskrav til dei tekniske løysingane som vert valde. Det vil gje meir målretta bruk av areala som vert satt av til akvakultur, og vere eit verktøy for at dei «raude lysa» i HI sin risikorapport vert fjerna. Ved revidering av PBL i 2008 fekk kommunane høve til å setje krav om kva art/artsgruppe som kan tillatast på lokaliteten. Tanken då var at ulike artar har ulike behov med tanke på vasskvalitet og straumtilhøve, og ulike område kan ha ulikt behov for vern. Desse argumenta er no minst like sterke for å kunne setja funksjonskrav til dei tekniske løysingane.

Endring av PBL vil vera med å sikra at me stettar dei miljøkrava som gjeld og får til ein vekst i næringa som er berekraftig. Det er stort behov for å utvikla dei teknologiske løysingane og ta dei i bruk på rett lokalitet. Regionrådet Nordhordland meiner denne utviklinga går for tregt og er lite målretta, og utviklinga både for villaksen oppdrettsnæringa er negativ. Me meiner ei slik endring som er foreslått her vil bringe oss i rett retning.

Regionrådet tek gjerne eit møte for å forklare og utdjupe dette innspelet til endring i PBL.

Med venleg helsing



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Region Nordhordland IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland
Vestland fylkeskommune
Statsforvaltaren i Vestland